



Referat frå elevrådsmøte desember på Lye skule

Elevar frå 2. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse.

Sak 1 Korleis opplever de smittevernreglane? Noko som er bra med at me har smitteverntiltak? Noko som ikkje er bra?

Bra at færre er sjuke, at alle prøver å få smitten bort. At ein kan treffa dei i klassen og ha selskap med dei.

Ikkje så bra at me må bruke så mykje antibac, tørre, såre hender. Kjedeleg at ein må halde avstand, det er lett å gløyme seg av. Dumt å ikkje få invitere kven ein vil i selskap.

Å ha eige område ute er både positivt og negativt. Nokon syns det fungertre godt, andre syns det er litt kjedeleg og alltid leike med det same.

Sak 2 Elevundersøkinga.

Me såg på resultatet på elevundersøkinga. Det kjekt å sjå at dei aller fleste elevane trives godt på Lye og opplever at lærarane støttar og hjelper dei. Elevmedverknad var fleire usikre på kva tyder, men kom etter kvart fram at dei har ganske mykje elevmedverknad, velje oppgåver, kor dei skal på uteskule, kva slags tema dei t.d skal fordjupe seg i og liknande.

Sak 3 Saker frå klassane

Ønsker seg utstyr til sandkassane, fleire leikeapparat. Fleire sykkelstativ. 5.-7.trinn har og lyst å ha karneval kvart år. 6.trinn kunne ønske dei fekk gjer leksene på skulen etter skuletid. Få lov å bruke skateparken i friminutta.

Sigrid Kjetland
-referent-